

# Medverknad områderegulering for Rosendal tettstad

Oppsummering av medverknad  
i planprogramfasen



KVINNHERAD  
KOMMUNE











# Introduksjon

*Denne rapporten summerer opp medverknadsprosessane som har vore i samband med utvikling av planprogram for områderegulering for Rosendal tettstad. Det har vore lagt stor vekt på medverknad i tidleg fase for dette planarbeidet. Målet er at planprogrammet skal fange opp alle dei relevante tema og utfordringar og at planområdet skal verte tilpassa til dette. Konklusjonane etter desse rundane med medverknad vet lagt til grunn for utarbeiding av planprogrammet. Det vil verte nye rundar med medverknad når planarbeidet er kome så langt at det vert arbeidd med konkrete løysingar og arealdisponering.*

Programet for medverknad har vore følgjande:

27.08.2019	Planforum Hordaland fylkeskommune Statens vegvesen Kystverket
03.10.2019	Lokale møter Barn og unge Rosendal utvikling Rosendal bygdelag
05.11.2019	Lokale møter Folkemøte

## Konklusjonar

Gjennom dei ulike medverknadsprosessane har det vorte fanga opp ei mengd med innspel til planarbeidet. Innspela spanner frå små og konkrete tiltak til overordna perspektiv. Som eit bakgrunnsbilete vil alt verte teke med i den vidare planprosessen. Reint praktisk har det likevel vore nødvendig å sortere noko i innspela.

## Innspel som må handsamast i andre prosessar

Til dømes er det nokre av dei heilt konkrete elementa som i større grad gjeld aktivitet og andre tiltak som ikkje kan løysast gjennom planarbeid. Desse innspela er notert og kommunen har samla dei, men dei må handsamast i andre prosessar.

Eksemplar på dette kan vere arbeid med å fylle ledige lokalar med aktivitet, arbeid med å skaffe arbeidsplassar, eller betre innhald i biblioteket og meir lys i skulane.

Dernest er det nokre element som er så overordna at det er meir tenleg å løyse dei gjennom det igangverande kommuneplanarbeidet, eller anna strategisk arbeid i kommunen. Dette gjeld til dømes eit samla bustadtilbod for Rosendal - inkludert felt med einebustader og mikro-småbruk - vurdering av buplikt, eller strategisk arbeid med å få til nyetableringar i næringslivet.

Ein grunn til eksempelvis å handsame eventuelle nye bustadfelt i kommuneplanen framfor områdeplanen for sentrum, er at dersom dette vert gjort i områdeplanen medfører det undersøkingsplikt etter kulturminnelova noko som kan verte kostnadskrevjande. Om spørsmåla vert handsama i kommuneplanarbeidet gir dette høve til å sjå meir heilskapleg på bustadstrategi og forpliktar ikkje til arkeologiske utgravingar før det eventuelt vert aktuelt å detaljregulere områda.

Turismetemaet vart teke opp på alle medverknads-møta, både i form av cruise, bubilar og anna meir lokaltbasert turisme. Når det gjelder cruiseturisme, så vil cruisestrategi for Kvinnherad, som p.t. er til utgreiing i kommunen, verte retningsgjevande for korleis planen vil handsame dette spørsmålet. Planarbeidet avventar cruise-strategien før dette spørsmålet vert handsama.

Nokre element/område vert handsama i allereie igangverande planprosessar. Dette gjeld mellom anna Heradstun / Vangshaugande. Dette område vil verte regulert separat, men tett koordinert med arbeidet med områdereguleringa for sentrum. Det skal sikrast at overgangen mellom planane vert saumlaus, planområda overlappar difor noko.

Vidare gjeld det området mellom Baronivegen og elva kor eit reguleringsarbeid er i sluttfasen. Dette området er likevel teke inn i planområdet

for områdereguleringa for å sikre at grensesnittet mellom planane vert i vareteke. Områdeplanen vil verte klippa til detaljreguleringsplanen etter eit eventuelt vedtak av denne, slik at planområda møter kvarandre.

### **Tema som skal handsamast:**

Når det gjeld det som bør handamast i områdereguleringa for Rosendal tettstad er det nokre element som gjeld tematisk innretting av planen og nokre element som gjeld meir prosessuelle element, samt nokre innspel som går på heilt konkrete element som ein ønskjer at planen skal resultere i tilrettelegging for.

### **Dei tematiske elementa gjeld:**

**Sentrum:** Kvalitetar i sentrum kopla til stadens identitet og historie. Dette omfattar element for å skapa eit levande, grønt og barnevennleg sentrum, gjennom til dømes møteplassar, leikeplassar, torg, handel, aktivitetar park, estetikk, osb. Inkludert i dette å rette Rosendal mot fjorden, med moglege element som strandpromenade, stupetårn, badeplassar og ny bru over Rosendalselvi.

**Bustader:** Planen bør vurdere kva type bustader det er trong for og som eignar seg i sentrum, og legge til rette for areal til eit tilstrekkeleg tal nye bustader.

**Næringsliv og arbeidsplassar:** Planen bør vurdere areal til ulike former for næring i sentrum. Dette kan spenne over både turistretta næring, småskala handel/ næring og større einingar. Planen bør vurdere tenlege handelslokaliseringar. Turisme grensar mot denne kategorien anten det gjeld bubilar, lokaltilpassa reiseliv eller cruisetilrettelegging.

**Infrastruktur for samferdsle:** Planen bør legge til rette for eit tenleg system av vegar, gang- og sykkelvegar og fortau. Parkering, tilkomst og varelevering må vurderast. Kvaliteter for trafikktryggleik som fotgjengarovergangar, gatelys, med meir, må inkluderast. Ikkje minst må

vegssystemet gjennom Skålafjæro verte gjenstand for vurdering.

**Turisme:** Det er ei klar forventning om at planen skal handsame spørsmål knytt til cruiseanløp, bubilturisme men også småskala, lokalt tilpassa turisme mellom anna i form av «turiststopparar» med tilbod som gjer at vitjande til mellom anna Baroniet, også får ein grunn til å stanse i sentrum.

Det er peika på nokre tema som bør handsamast gjennomgåande som del av dei løysingar som vert foreslått. Dette gjeld mellom anna å legge til rette for universell utforming, betre trafikktryggleik, samt at det må takast omsyn til historie, identitet og landskapet når nye tiltak vert planlagd. Det er vidare ønskjer om betre struktur på området i Skålafjæro, om ikkje anna i form av midlertidige tiltak i påvente av framtidig ny bruk av arealet.

Av utgreiingstema er det peika på landskap, kulturhistorie og sårbarheit i høve til kapasitet på legedekning og naudetatar ved storstilt turisme som til dømes cruiseanløp i utfartshelgar kor innbyggjartalet kan mangedoblast.

### **Element**

Gjennom medverknadsprosessane har det komme opp eit tydeleg ønske om nokre konkrete element. Dette gjeld mellom anna idrettshall i sentrum, strandpromenade, møteplasser/torg i sentrum, og fleire bustader. Det er for tidleg til å slå fast at planen skal sikre desse elementa. Prosessen vidare skal avgjere om og korleis dette eventuelt kan gjerast. Temaa vert sett på dagsorden for planen, med ei forventning om at det å legge til rette for desse elementa skal viast ekstra merksemd i planarbeidet.



# Referat frå møta

# Regionalt planforum

## 11.09.19 10:00 - 12:00 Fylkeshuset

### *Til stades*

*Hordaland fylkeskommune (HFK): Eva Katrine Ritland Taule, Nina Gjester Hoel, Ida Steffensen, Gunnhild Raddum, Grete Kathrine Jacobsen, Gunnbjørg Austrheim, Øystein Monsen, Lars Øyvind Birkenes, Kjell Håland (Utval for kultur, idrett og regional utvikling)*

*Kystverket Vest: Turid Susort Jansen, Kjell Evensen, Dagfinn Fjeldstad,*

*Statens vegvesen: Bjørn Skorpa Eikeland*

*Kvinnherad kommune: Øyvind Utne, Kjartan Thoresen, Anne-Lise Næs, Harald Maaland*

*3RW arkitekter: Tord Bakke, Philip Dixon Sandberg*

Eva Katrine Taule, konstituert plansjef i Hordaland fylkeskommune, ønske velkommen og orienterte om regionalt planforum, eit forum for å fremje dialog i planprosessane.

### Introduksjon

**Øyvind Utne, leiar forvaltingskomiteen Kvinnherad**

Kommunen ønskjer å planlegge gode lokalsenter, sett difor igang arbeidet med områdeplanar for både Sunde og Rosendal. Politikarane har peikt på behov for idrettshall med tilknytt parkering. Ein må også ta omsyn til landskap. Ein ønskjer at Rosendal skal vere ein attraktiv stad også i framtida. Grunna lågare folketalsutvikling vil ein satse på fleire sentrumsnære bustader og fleire lokale arbeidsplassar, også innan turisme. Ein strandpromenade vil gjere Rosendal meir attraktiv for både tilreisande og fastbuande. Ein ønskjer å skape eit engasjement gjennom brei medverknad tidleg i planprosessen.

### Tord Bakke, 3RW Arkitekter

Planen er no i tidlig planprogramfase. Tematisk og geografisk skal planen definerast etter kvart. Føringer for arbeidet vidare er næring; kulturkvalitetar; turisme; landskap; uterom; samferdselsarealar; visjonen om attraktiv, frisk og grønn kommune. Ein vil avklare plangrense, arealbruk, utnytting og hovudstrukturar. Medverknad er organisert gjennom referansegruppe (bygdslag, bondslag, osv.), folkemøte, involvering av barn og unge. Ein håpar å ha ferdig plan godkjent neste haust. Aktuelle utgreiingar er konsekvensutgreiing, cruise, friluftsliv, barn og unge, kultur, samt fleire tema som kjem som innspel etter medverknadsprossesen. Omsyn og avgrensingar i planarbeidet er samferdsle; radon; naturmangfald; naturområde; kulturminne; friluftsområder tett på og i sentrum; forureining; ver og klima; flaum.

Kva vil Rosendal framover? 3RW har utvikla scenario til medverknadsprosessar som diskusjonsgrunnlag. Nokre deler er inne i alle scenario, til dømes idrettshallen, strandpromenaden, andre brikker



er meir i spel. Nokre av scanrioa trekk mot ytterkantane. Strandpromenaden er skissert med ulike trasear. I dag er han regulert med bru, som er eit godt utgangspunkt. Utfordringa er å lage ein god plan som kjem til å bli gjennomført. Ein må jobbe med kvalitetsprogram for å følge opp planen.

## Diskusjon

### Om planavgrensinga

Bakgrunn for framlegg til planavgrensing er å inkludere båtplassen for Gurine, som er målet for strand-promenaden mot nord-vest, og til offentlig badeplass i sør. Ein ønskjer å få med seg sentrumsføremåla austover, men bustadområder og baroniet vidare aust treng ikkje vere med i ein sentrumsplan. Grensa er difor sett bak bygningane aust for fylkesvegen.

Planseksjonen forstår utfordringa i å sette planområdeavgrensing. Ein bør vere obs på at sentrumsavgrensing definert i Regional plan for attraktive senter (2014) anslår for kommunesenter 600 meter i diameter. Forslaget har diameter på 1,2 km – dobbelt så stort som retningslinene for sentrumsavgrensing. Men - områdeplanen ikkje treng å samanfalle med senteravgrensinga, som kommunen allereie har sett i KPA. Elles er det positivt å inkludere skule og handelsgate i ein sentrumsplan, og strandpromenade er eit flott tiltak.

Fylkeskonservator legg fram at ein i planarbeidet bør lage ei analyse som inkluderer heile Rosendal som stad og tek inn det store landskapsbiletet - dette for å sikre kulturmiljøet, då særleg rundt Baroniet, område langs elva og området inn med dalen. Ein bør sikre samanhengen mellom sjøen og dalen, og sikre dei store linjene og heilskapen på staden. Det er også viktig å analysere linjene utanfor sentrum. Baroniet si kontakten med kyrkja, mot sjøen, mot sentrum, og med kulturlandskapet som ligg rundt. Kanskje ein kan bruke element frå analyseområdet for å detaljere i sentrum. Ei analyse vil sikre gamle tråkk, siktlinjer, gamle stiar, vegfar, visuelle linjer som er ein del av heile

Rosendal. Området langs elva og kontakten inn i kultur-landskapsområdene og Baroniet. Analyse er ikkje ein trussel mot utbygging.

Strandpromenade nord-vest for sentrum er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Strandsona sørover uproblematisk. Kommunen må vere obs på at områdeplan krev full arkeologisk registrering. Dette er kostbart for grøntområde. Kravet frå riksantikvaren gjeld også dyrka mark. Fylkeskonservatoren foreslår kommunedelplan framfor områdeplan? I område sør for elva, mellom elv og fylkesveg i den plan-avgrensinga som er lagt fram, ser ikkje fylkeskonservator at det er naudsynt med arkeologisk utgreiingar grunna flaumhistorikken.

Samferdsel vurderer at det er flott at fylkesvegen er med. I plansaken i Baronivegen var fylkeskommunen kritisk til å flytte busstopp til Manger skule. Oppfordrar til å hugse på heilskapen.

Fylkeskommunen saknar vurdering av følgande tema: Landskapsmessig og kulturhistorisk utvikling, og temakart infrastruktur. Stadsanalysen frå 1997 inkluderar berre halve området. Må også inkludere nytt område og tilgrensende, men kan vere bra å bygge vidare på. Fylkeskommunen ber også kommunen om å plukke opp arbeidet med kulturminneplanen.

### Om medverknad

Utfordrar til å tenkje utradisjonelt i medverknadsprosessen. Kommunen fortel om #Kvinnherad2050 og om samarbeid med Rosendal ungdomsskule, som ser moglegheiten til å bruke skuleplanen for å engasjere unge. 3RW understreker at om forma for medverknad ikkje er ny så skal innhaldet gi brei dekning. Dei trekk fram folketråkk, og elles skal dei bruke andre innovative formar ein kan få plass til innanfor rammeverket. Dette er ein viktig del av arbeidet. Kommunen understreker at referansegruppa er brei, og at det er lagt opp til møte før folkemøte. Kystverket er positive til å ha blitt involvert tidleg i prosessen, og oppfordrar kommunen til å ta kontakt.

## Om turisme

Kystverket utfordrar kommunen på om dei har vurdert andre lokasjonar for cruisehamn enn dei som scenarioa førespeglar? Korleis tenker ein småbåthamnar? Store cruiseskip kan gjere det vanskeleg for småbåtar. Eit cruiseskip krev permanent fortøyingsarrangement 600 m frå stranda. Fallvindar er eit problem også. Kontinuerleg behov for propelldrifft kan bli eit resultat om ein ikkje har lagt til rette godt nok. Baugen på store båtar må ligge ut, slik at dei kan komme seg raskt ut i dårleg ver. Folkemengder på 3.000 menneske ikkje uvanleg. Her kan ei sjå på Geiranger. Ein må ha ei meining om kva ein ønskjer å ha. Kystverket legg fram spørsmålet - kva med å legge til rette for ein cruisehamn lenger sør, til dømes mot Dimmelsvik? Busse turistar til sentrum eller på langtur. Ein skikkeleg hamn for Hardanger kan vere aktuelt. Eidfjord er avgrensast av brua, Odda har ikkje kapasitet. Rosendal kan vere eit knutepunkt – ikkje i sentrum, men utanfor.

I utgangspunktet er Kystverket positivt til alle nye kaiar/hamneanlegg som vert laga til passasjerskipa. Hamneanlegga må lages slik at dei kan brukast under alle vêrforhold som ein kan vente gjennom sesongen, og slik at skipa kan gå til kai utan bruk av taubåt. Djupner og manøvreringsareal må stå i forhold til den skipsstørrelsen som det skal satsas på. Ved å bygge ein skikkelig fast betongkai, vil denne også kunne brukas til andre typar skipstrafikk utanføre cruisesesongen.

Fylkeskommunen stiller spørsmålsteikn til om verkeleg ønskjer seg cruiseturisme? Innovasjon Norge dokumenterer turistforbruk. Fordel med cruiseturisme er volumet, men dei legg igjen færre kroner per døgn enn landturisme. Fotturisme er ei satsing. Kvinnherad er unikt. Kor stort volum tål ein i Rosendal sentrum? Diskusjonen må takast no, i denne planen. Turister ønskjer å sjå lokalbefolkning som trivs, ikkje som er framandgjort på eigen stad. Fylkeskonservator understreker cruisebåt sin framtoning som stort landskaps-element. Det vil endre heile landskapet i Rosendal.

Kvinnherad kommune kommenterer at diskusjonen skal takast både i næringsplan, i KPS, klima- og miljø-plan, og i denne områdeplanen. Politikarane kan sette avgrensingar for storleiken. Ein kan godt tene på cruiseturismen, det handlar om å legge til rette for kva dei vil ha. Og ein kan stille krav til miljøkrav, vere ein føregangsplass for cruise. 3RW kommenterer at Olden er stor cruisehamn for Stryn, som krev buss-opptilling to stadar. I Stryn er sentrum attraksjonen, Rosendal meir området.

## Gjennomgang av scenario med påfølgande diskusjon

### Scenario 1 – tett og lågt

Her bygger ein tett og lågt, 2-3 høgder, der ein fortettar gamle sentrum og plasserer idrettshallen i nærleiken av skulen. Parkeringshus etablerast og bobiltrafikken vert flytta nærare sentrum. Strand-promenaden er saksa innimellom sentrum for å skape liv og samanheng. Alt skal ikkje detaljerast no, men vi skal ha eit tilstrekkeleg langt perspektiv (mot 2050) for å sikre nok areal. I dette scenariet sikrar ein gode plassar med sol og klimatisk skjerming.

Planseksjonen vurderer at dette scenarioet har god skala, og morfologien er tilpassa seg eksisterande struktur. Det er også positivt at det er fortetta i dei sentrale gatene mot fjorden, og større industri får stå for seg sjølv. I utbygging av dette scenarioet må ein sikre kvalitet i alle utbyggingstrinn for å sikre seg kvalitative bumiljø også om utbygginga staggar etter berre nokre byggesteg. 3RW kommenterte at rekke-følge og midlertidigheit er noko som må takast omsyn til undervegs i planen. Dei fortel også at i Malmø har slik utbygging vært vellykket. Utsiktsenhetene ved vannet er oppkjøpt av de bemedlede, mendan barne-familiene tar plass frå rad 2.

Kommuneplanen tek høgde for havnivåstigning. Bjerknessenteret mener at det ikkje vil vere særleg havnivåstigning grunna landheving. Elv meir enn flaumfare – vassdraget må sjåast på som verdi.

## Scenario 2 – storskala og høgt

Her bygger ein storskala i 5-6 høgder. Voluma er ikkje nødvendigvis større enn det som er i dag mtp skipsbyggerindustrien. Ein flyttar idrettshallen inn mellom eksisterande barne- og ungdoms-skuler. Parkeringshus vert etablert i med same høgde som Skipsbyggehallen. Dette endrar landskapet. Same volum/m<sup>2</sup>-areal som scenario 1.

Fylkeskonservatoren vurderer scenarioet som eit forsøk på å kombinere bustad og næring for å skape liv. Kvaliteten i dette scenarioet er det store opne grønne feltet mot fjorden. Men idrettsanlegg krev parkering og bussar, kanskje ikkje egna på elvemunningen. Bykvalitet manglar noko her i eit senter i stor skala. Oppmodar til å planlegge for gåande, og halde store parkeringsplassar unna. Tenk tetthet, nærleik, og bygg på bygningsarven som ein har frå før. Gjerne nytt, men trekke med seg kvalitetane inn i det nye. Attraktive kremtomter for bustadbygging med utsikt vil tiltrekke seg rike, ikkje småbarnsfamiliar. Skipsindustrien har etterlatt seg ein unik bygning. Denne gjev eit unikt møte med Rosendal.

Planseksjonen støttar at dette er ein spanande struktur ein må ivareta og bruke som identitetsbevarande element i sentrum. Kanskje kan den transformerast til handel eller til bustader? Alternativt kan strukturen nyttast til å formidle noko om produksjonsindustrien. Fylkeskonservatoren kommenterer at skipshallen er unik, og at ein bør behalde den drifta som er der - sentrum tåler dette. Skipsindustrien har representert ein stor del av det ein har drive med i Rosendal, og såleis er del av kulturarva i bygda. Scenarier er nyttige å diskutere, resultatet blir nødvendigvis ein mellomting. Det er mange symboltomter i området. En bevissthet om kva ein plasserar på tomtene er viktig. Historiske bygg er viktig for turisme. Folk ønskjer å få fortellingane om staden. Eigenart og identitet på ein stad er viktig både for lokale og tilreisande.

## Scenario 3 – idrett og grønt

Idrettshallen er lagt til gamle industriområder, og

oppnår sosial kontroll mot store åpne grønne areal. Elles er det meir punktvis fortetting, og nokre funksjonar flytta sørover. Dette gjev meir balanse, og ei forsiktig fortetting. Bubilparkering er lagt langs sjøen bak eksisterande naust og hyttar.

Kultur- og idrettsseksjonen vurderer dette som eit veldig fint utgangspunkt: Ein skaper rom for aktivitet, at og alt av idrett, skule, sentrum og gjestehamn samlast. Kan bubillegget leggst til gjestehamn? Strand-promenaden er eit heilt nytt anlegg som kan nyttast til aktivitet. Her er mange gode moglegheiter.

Planseksjonen påpeiker at dette scenarioet ikkje gjev rom til særleg mykje bustadbygging i sentrum. Senter-planen tilrår at bustader skal leggjast til sentrum for å sikre aktivitet og liv gjennom døgeret. Det er heller ikkje sett av særleg areal til næringsutvikling.

Kommunen løfter problemstillinga om buplikt, då dette er oppe til debatt i Rosendal ganske ofte. Er dette eit verkemiddel som er eigna for Rosendal? Det er ei utfordring at folk kjøpar opp bustadar i sentrum og bruke til fritidsbustad. Kommunen har redusert buplikt på landbruksareal frå 35 til 20. Planseksjonen fortel at Fitjar har same problemstilling, og at dei foreløpig berre er klåre på at det ikkje skal gå an å regulere om sentrale bustader til fritidsføremål. Håland frå KIRU i fylkeskommunen rår politikarane til å drøfte problemstillinga slik at det ikkje berre er rike Bergensarar og Haugesundarar som brukar Rosendal. Buplikt er eit verkemiddel på Sørlandet.

## Scenario 4 - reiseliv og turisme

Her legg ein til rette for reiseliv og turisme. Det vert store samferdselsareal i sentrum, idrettshallen kan også nytte parkeringsplass til utandørs idrettsareana utanom sesong. Strandpromenade utanfor langs sjøen krev ommlegging. Er det kritisk masse til å leve med? Er utviklingsa for spreidd for å sikre sentrum.



Friluftss- og idrettsseksjonen er positiv til medverknadsprosessen det leggst opp til – lytt til folk for plassering. Idrettsplassar bør leggst i nærleik av skuleplassar og der folk bruker grøntarealar i dag. Løft blikket og tenk heilskapleg. Tilknyting til eksisterande anlegg, skule, sykkel, parkering er viktig, ikkje berre tomte.

3RW understreker at idrettshallen vil vere tett på sentrum uansett, men det er viktig å bruke idrettshallen som eit attraktivt element. Fylkeskommunen utfordrar kommunen til å lage ein idrettsplass som kan vere ein inkluderande og uformell møteplass med sosial miks på tvers av generasjonar. Ein sentrumsnær idrettshall må vere inkluderande for andre brukarar.

Kystverket spelar inn at kaiforslaget Flytebrygge kan ligge i vegen for småbåthamna. Forslaget ligg tett på elvemunningen. Er det betre borte mot ungdomsskulen? Det bør vere 50-60 anløp for at cruisehamn skal vere lønnsamt. Men serviceindustrien knytt til cruiseturismen gjer også arbeidsplassar.

Fylkeskonservator påpeiker at cruisebåt tar den mest attraktive tomten i sentrum. Plansjef understreker at Rosendal har nasjonal verdi som landskap, blant det ypparste i Hordaland. Fylkeskommunen spelar også inn at det kan vere krevjande i høve til trafikkssikkerheit med stor busoppstillingsplass like ved arena for barn og unge.

## Avslutning

Kommunen understreker at ein i tidleg fase må ein sjå på planavgrensinga som eit utkast. Det vil nok likevel ikkje vere aktuelt å strekke plangrensa i nord eller sør, men ettersom ein ønskjer medverknad frå innbyggjarar og politikarar må ein venta at plangrensa vert strekt austover dersom det kjem tungtvegande innspel på det.

Håland frå Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) ved fylkeskommunen gjev honnør til

kommunen for den åpne invitasjonen dei ønskjer å møte befolkninga med. Rosendal er noko av det ypperste regionen har å by på, strandpromenaden er ein perle – her kan ein tenke på Nordheimsund og Sogndal. Lokasjon utanfor Rosendal sentrum for cruisehavn er eit viktig poeng kommunen må ta med seg vidare. Rosendal er også porten til Hardanger. Det er spanande tider kommunen går inn i.

Møteleiar påpeiker at områdeplanen også er ein fin moglegheit til å trekke fram kommuneplanarbeidet. Her kan planane spele på kvarandre. Oppfordrar til å med innspel om cruisedebatten inn i KPA-arbeidet. Det var kjekt å få ta del i diskusjonen i ein så tidleg planfase.





# Barn og unge

03.10.19 10:00 - 13:00 Kvinnherad rådhus

## Til stades

Om lag 30 elevar frå 4. til 10. trinn ved Malmanger skule og Rosendal ungdomsskule

Frå Kvinnherad kommune: Anne-Lise Næs, Kjartan Thoresen, og Harald Maaland

Frå 3RW arkitekter: Tord Bakke og Philip Dixon Sandberg

Møtet vart halde i kommunestyresalen og etterfølgd av ein rusle-runde sentralt i Rosendal med ein elev frå kvart trinn.

Oppsummeringa vart sendt tilbake til elevane som nytta denne som grunnlag for sin presentasjon på folkemøtet 5. november. For å sikre at oppsummeringa i størst mogeleg grad er i tråd med det elevane ønskte å få fram, er denne oppsummeringa basert på elevane sin presentasjon på folkemøtet.



## Ønsker for Rosendal

- Idrettshall i sentrum
- Bru over elva
- Fleire gatelyst
- Strandpromenade
- Få innhald i «gamle banken» (gjerne ungdomsk-lubb eller kino, ...)
- Betre uteområde ved Rosendal ungdomsskule
- Stupetårn ved bade plassane

## Kva er særleg fint/bra i Rosendal

- Grasbanen/Idrettsbanen
- Baroniet
- Turområdet
- Spar-butikken
- Stranda og båthamna

## Kva er farlig/kjipt/stygt i Rosendal

- Bobilparkeringa
- Området rundt skipsbygggarhallen
- Gymsalen
- Dårleg vedlikehalde vegar
- Få helgeaktivitetar

## Andre punkt

- Heller bustader eller anna faste element enn bubilar i sentrum – men turistane er viktig!
- Betre skilting til turvegar slik at turistar finn fram
- Høve til å stupe/hoppe ved bade plassar i sentrum
- Beach-volleyballbane
- Badeland, oppvarma basseng, svømmehall, vassklie, eller liknande
- Turnhall, trampolineland
- Fleire butikkar
- Klatrevegg, sykkelbane
- Utbetre kunstgraset gjerne med nye skur og søppelspann
- Større båthamn
- Behalde rideplassen, bygge felleskjøp ein anna plass
- Pusse opp Prestebrygga
- Oftare bussar





# Rosendal utvikling

03.10.19 13:00 - 15:00 Kvinnherad rådhus

## *Til stades*

*Frå Rosendal utvikling: Laila Hervold Langesæter og Knut Johannes Helvik*

*Frå Kvinnherad kommune: Anne-Lise Næs, Kjartan Thoresen, Sigbjørn Øye og Harald Maaland*

*Frå 3RW arkitekter: Tord Bakke og Philip Dixon Sandberg*

## Hovudmoment frå diskusjonen

- Ønske om parkeringshus nedanfor kyrkjegarden, ev. på nedsida av fylkesvegen.
- Ikkje gripe over meir enn nødvendig i planarbeidet
- Ønsker utvida plangrense, mellom anna ønskjer dei å vurdere å ta med Heradstun, Ullvarefabrikken, Sørbøen, puttballebanen, det nedlagte gartneriet, fylkesvegen, grendahuset, området vest for Coop, helsebygget og området mellom Baronivegen og elvea opp til Storebru.
- Det bør vurderast «seniortun» på Heradstun, men området bør samtidig leggjast til rette for bebuarar i alle aldra.
- Det er tankar om å bygge eit til hotell i Rosendal (mogeleg city-hotell med 150 rom og basseng) m.a. for å utvikle Rosendal vidare som turistdestinasjon. Kan verftshallen nyttast til hotell?
- Med ny idrettshall kan Rosendal ta store arrangement. Fjordhotellet har i dag i underkant av 100 rom, men har areal til utviding.
- Det er ulike planar for utvikling av Skålafjæro, til dels går dei ulike ideane noko på tvers av kvarandre. Mellom anna er det tankar om midlertidig trelasthandel ved verftshallen.
- Det bør etablerast tenderkai i Skålafjæro, og leggjast til rette for å leie turistane gjennom handlegatar.
- Verftshallen er i utgangspunktet tenkt vidareført med dagens aktivitet men med ny heve/senkeport som opnar for at det kan etablerast promenade framfor verftet.
- Positivt om det vert kommunal veg gjennom Skålafjæro frå Bankbygget til Folgefonnsenteret. Sjå på høve til å stenge Vangsvegen vest for Spar for nedkøyring til Skålafjæro.
- Tankar for «grøn-omstilling» i området rundt Folgefonnsenteret.
- «Hesten» er ein av dei mest besøkte plassane i sentrum. Ligg litt feil, kan flyttast til eventuelt nytt torg ved gamle-saga i Skålafjæro.

- Skålagato fungerer bra, og har vorte betre dei siste 2-3 åra. Det bør vere småskala bygg på begge sider av Skålagato.
- Veggargasjen / gamle brannstasjonen bør rivast og vurderast for andre føremål.
- Parkeringshuset fungerer bra – viktig for Rosendal sentrum. Ein bør vurdere konsekvensar av parkeringsavgift i sentrum for å styre parkeringa meir.
- Det er rimelege leigelokale i første etasje i Skålagato. Mange tettstader har unaturlig høge leigepisar i sentrum og følgjesvis mange tomme lokalar.
- Kollektivknutepunktet har vorte flott, viktig med offentlege toalett i sentrum.
- Kva skjer med hurtigbåten/snøggbåten i 2022, når ny Osvegen/E39 kjem i drift? Må vere førebudd på endringar.
- Bubilparkering er i sterk vekst, har auka frå 200 til 5000 overnattingsdøgn. Kan nytte området innanfor småbåthamna til bubilparkering.
- Som følgje av turisme omset sportsbutikken no for meir i juli enn i perioden før jul.
- Det er viktig med fleirbruk gjennom heile døgnet og året i sentrum. Sentrum treng aktivitetar som tiltrekk barn og unge, til dømes saltvassbad, tilbod for dei som driv med uorganisert idrett, badeplass og gode møteplassar.
- Vanskeleg å få til stoppeffekt for Baronibesøkande i sentrum. I dag stoppar ikkje turistar til Baroniet i sentrum.
- Det er eit arealbehov for butikkar.
- Varelevering til Coop-bygget er ei utfordring slik den er i dag.
- Kan ein fylle ut utanfor kunstgrasbana? Område kan i så fall til dømes nyttast til bubilparkering og badeplass.
- Me drøfta tema om at det er lurt å legge til rette for mellombels tiltak/tilstelling/trivselstiltak under vegs, dersom det tek ein del tid før regulerte føremål vert sett i gang.
- Trivsel er viktig, og å ha det fint rundt seg i sentrum.



*Skissa over synar føreslått planavgrensing frå Rosendal utvikling, v. Asbjørn Soltveit.*



# Rosendal bygdelag

03.10.19 18:00 - 20:00 Kvinnherad rådhus

## Til stades

Frå Rosendal bygdelag: Solfrid Hellesøy

Siqveland, Ingrid Skeie, Maud Førland og

Astrid Jeanette Dommersnes

Frå Kvinnherad kommune: Anne-Lise Næs, Kjartan

Thoresen, Sigbjørn Øye og Harald Maaland

Frå 3RW arkitekter: Tord Bakke og Philip Dixon

Sandberg

## Hovudmoment frå diskusjonen

- Rosendal bygdelag hadde fullt hus på folkemøte om framtida til mellom anna Rosendal. Ein suksessfaktor var at møtet starta 16:30 og at dei hadde «leikekrok» slik at mange barnefamiliar hadde høve til å komme.
- Det har vore stilt seks spørsmål som omhandla tema: ungdom, turisme, sosiale møteplassar, dyrka jord, barnefamiliar og barn og sikkerheit. Noko som har resultert i om lag 300 svar som skal systematiserast. Dette gir svar på «kva folk vil», kva som er «stedsånden». Hovudtendensen er eit ønskje om ei levande bygd: Levande bygg, - jordbruk, -natur, -møteplassar, l-sentrum, -lokalar, levande osv.
- Sentrumsnære hus med buplikt.
- «Rosendalsborken» er leikeplassen i sentrum - det er behov for fleire leikeområde i sentrum.
- Korleis får barn det tryggare i sentrum? Utrygt trafikkbilete, spesielt når det er mørkt.
- Få estetiske retningslinjer for det som skal skje i sentrum. Generelt litt for lite fint i sentrum. Ønske om lave hus i sentrum – utsikt er viktig.
- Jorda må nyttast godt – tenkje på dei lange grøne linjene og ta miljøomsyn. Kolonihagar og andelslandbruk er populært og ønskelig for Rosendal. Kva skal vi bruke jordbrukslandet til, bustadar eller landbruk? Buplikt kan kanskje vurderast.
- Viktig å skilje mellom «småbruk» og til dømes andelslandbruk i diskusjonen om kva jordbruksareala skal nyttast til. Mange ulike døme på korleis ein kan drifte/dyrke jorda i praksis.
- Skålafjæro er bakevja i Rosendal («ser ikkje ut»), må det nyttast til bubil og avfallshandsaming? Generelt er det utfordring med vill-camping og bubilar som vert parkert på område som ikkje er tenleg for dette. Bubilcamp må regulerast. Innspel frå bygdelaget er å lage ein-etasjes parkeringshus på heile /halve Skålafjæro, og utvikle sentrum vidare oppå dette arealet. Parkering bør byggast under bakken og ikkje vere skjemmaende, eventuelt i pene/skjulte parkeringshus, t.d. bak banken.

- Ønskjer eit «plug & play» torg med ein utradisjonell leikeplass – buldresteinar og grindabygg.
- Av dei utvikla scenarioa, synast scenario 1 tett og låg i kombinasjon med scenario 3 idrett og park, som ein god kombinasjon. Bygdelaget reiser spørsmål kring Felleskjøpet sin lokalisasjon ved oppkøyringa til ein av kommunen sine største besøksmål: Baroniet. Eit Felleskjøp er velkomment i Rosendal, men lokalisasjonen bør vere i området frå grusplassen ved elva til Skålafjæro. Bygdelaget er skeptiske til auka avkøyrslar langs skulevegen og i sentrum.
- Ja til strandpromenade. Ja til tilgang til sjø. Ikkje ha så mykje naust at folk som går langs sjøen ikkje ser sjøen. Rosendalstunet bør koplatt tettare på sentrum. I dag er det dårleg tilrettelagt for gåande og syklende, spesielt gamle. Ein bør i denne samanheng tenkje seg strandpromenade på oppsida av dei tre eigedomane langs fjorden mot Gurinefjæro. Kan ein ta noko av desse hagane, eller må ein ta av matjorda?
- Strandpromenaden må verte universelt utforma i si heilskap. Frå Rosendalstunet og ned til fjorden – ved Gurinefjæro – er det til dømes så bratt helling at det vert vanskeleg med rullestol, etc.
- Behov for fleire offentlege toalett i sentrum, gjerne lokalisert til dei større utfartsparkingsplassane. Trengs også ved Gurinefjæro, samt utedo på Skjethaug, gjerne offentlig engasjement for toalett på Hestasletto.
- Det har vore diskutert om vegen som går gjennom Skålafjæro skal verte kommunal veg.
- Seniorsenter ved Heradstun er positivt, men bør også leggjast til rette for alle: ny-etablerarar, funksjonshemma, eldrebustadar, unge og gamle. Blande ulike folk i same bumiljø er viktig.
- Heradstun bør vurderast i Skålafjæro, der ein kan bygge i fleire etasjar og få heilskapleg arkitektur. Bygdelaget meiner vi ikkje bør bygge høgt på Vangshaugane då dette er generelt eit ein-etasjes område, og i synslinjene i oppkøyringa til baroniet. Det er viktig for all utbygging at det tek inn det arkitektoniske arven og skapar retningslinjer i Rosendal.
- Eldresenter kan frigjere einebustadar når dei eldre flytter i leilegheit og sel einebustadar.
- Det er bra med turister, men det bør diskuterast ei maks-avgrensing. Meir satsing på «grøn-turisme».
- Det er rundt 800 innbyggjarar i Rosendal, når dei største cruiseskipa kjem inn i lag med bubilar og hyttefolk aukar innbyggartalet mange gonger. Korleis er det når beredskapen i Rosendal/Kvinnherad er berekna ut frå innbyggartalet. Korleis skal til dømes ein lege «dekke» beredskapen ved ein uønskt hending frå eit stort cruiseskip? Heller mindre cruisebåtar og i passelege mengder.
- Skålafjæro treng aktivitetar og opplevingar: til dømes naturleikeplass for uorganisert lek, gapahuk, buldrepark.
- Ønskje om stupetårn, naturleikeplassar, m.m.
- Det er for mange turistar i Skålafjæro. Eventuelt kunne felleskjøpet/storhandel vorde lagt til området. Om ikkje anna gjere bubilparkeringa grønare.
- Meir fortau og meir gatelys, helst fortau med god breidde. Svingen ved bedehuset og krysset Baronivegen X Kyrkjevegen vert opplevd som utrygt, og Kyrkjevegen vert generelt opplevd som utrygg skuleveg utan fortau og lite lys.
- Det er trong for fortau langs Baronivegen heilt fram til Storebru.
- Kan ein stenge Vangsvegen vest for Spar? Har vore planar om ein «spansketrapp» her tidlegare.
- Ønske om fleire snarvegar, spesielt for barn som då slepp å ferdast langs hovudvegane. Det vil vere ynskjeleg med meir tilrettelagt turveg rundt Hattebergsfossen, eit kjært turistmål og turmål.
- Treng fleire møteplassar (formelle og uformelle), sosiale (ute)plassar og leikeplassar i sentrum.
- Det er tenkt uteklasserom på det grøne arealet aust for Speidarhuset, bør sentrumsplanen ta stilling til det?
- Rosendal bygdelag kjem også til å kome med prioritert liste/ dokument om utvikling av området inkludert “stedets ånd”.







# Folkemøte

**05.11.19 16:30 - 20:30 Rosendal samfunnshus**

*Det var om lag 130 frammøtte (ikkje medrekna barn)*

*Frå prosjektgruppa i Kvinnherad kommune møtte:*

*Anne-Lise Næs, Kjartan Thoresen, Sigbjørn Øye og Harald Maaland. Frå 3RW arkitekter: Tord Bakke og Philip Dixon Sandberg*

Program for kvelden var som følgjande:

16.30 – 17.00 Enkel matservering

17.00 – 17.15 Velkommen og kort orientering v/ Kommunedirektøren og prosjektleiar.

17.15 – 17.45 Informasjon om planarbeidet v/leiar Samfunnsutvikling, 3RW arkitekter, elevvar

17.45 – 18.00 Beinstrekk og kaffipause

18.00 – 19.30 Tid for innspel, leia av konferansier Gunnar Våge

19.30 – 20.30 Avslutning og oppsummering med påfølgjande «visuell avstemming» på vegen ut

## Oppsummering

Kommunedirektør Ragnhild Bjerkvik ønska velkomen og understreka viktigheita av planarbeidet. Med ei hovudbodskap om at mykje av det som planleggast no vil komma dei unge og seinare generasjonar til gode, samt at Rosendal tettstad skal fungere for folk i alle aldra.

Prosjektleiar Anne-Lise Næs orienterte om programmet for kvelden og presenterte prosjektgruppa. Ho påpeika at kommunen er opptatt av å få til ein god plan, men at ein god prosess er like viktig, der innbyggjarane sitt engasjement er kjærkome.

Leiar for samfunnsutvikling, Kjartan Thoresen, ordet. utdjupa om bakgrunnen for planarbeidet med fokus på prosessen. Mellom anna trong for ein god planprosess og god medverknad for å engasjere og skape ein god plan. Prosessen skal kartleggja kva som er handlingsrom og kva vi kan få til i Rosendal. Vidare vart det understreka at alle interesser skal høyrast og få høve til å ta del i prosessen.

3RW arkitekter ved Tord Bakke presenterte rammane for planen, framdrift og viktige omsyn i arbeidet. Dei fire scenarioa som var utvikla som eit diskusjonsgrunnlag for sentrum i Rosendal vart presentert, og det vart orientert om prosessen med visuell avstemming som folkemøtet vart avslutta med.


Til slutt presenterte Nora Sætrevik, Sol Skeie og Maud Førland konklusjonane som elevane ved Malmanger skule og Rosendal ungdomsskule har kome fram til etter medverknadsmøtet som elevane hadde hatt på kommunehuset 3. oktober 2019. Oppsummeringa omfatta ønsker for utviklinga, samt kva dei ser som positivt og negativt i dag. Dei trakk særleg fram ønske om idrettshall, bru over elva og strandpromenade.

Etter beinstrekk og kaffipause starta innspelsdelen av møtet. Gjennom en digital løysing vart det som innleiing til innspelsrunda, ei rask internettbasert innsamling av tre stikkord til kvart av spørsmåla: Kva er det beste med Rosendal? Kva er du minst fornøyd med i Rosendal? Og Kva ønsker du deg i Rosendal? På det meste var det 81 personer som svarte på spørsmåla. Svara danna ei levande ordskey på storskjerm i sanntid.

Det som vert trekt fram som det beste med Rosendal er i omtrentleg prioritert rekkefølge: naturen, folka, kultur, turmoglegheiter, Baroniet og fjorden. Det folk er mest misfornøgd med er det at det er vinterdødt, cruiseturistar og Skålafjæro. Av dei tinga som vert ønskt for Rosendal er det strandpromenade, idrettshall, eit levande sentrum, bustader og møteplasser som toppar lista.



*Kva er det beste med Rosendal (øvst), Kva er du minst fornøyd med, og kva ønsker du deg i Rosendal (nedst).*



## Innspel frå salen

Innspelsrunda vart leia av konferansier Gunnar Våge. Det var om lag 100 personar til stade under denne delen av programmet. Hovudbodskapen i innspela er referert i stikkordform under:

- Skal vi sjå utanfor kommunen for å få eit skråblikk på Rosendal? Mange som kjennar Rosendal og har inntrykk av og meining om staden.
- Bustad, arbeidsplassar og næringsliv er viktig, saman med kvalitetar og utforming i sentrum, dette kan områdereguleringa gjera noko med.
- Det er ikkje leilegheit i sentrum innflyttarar ønsker, men ein bustad eller eit lite småbruk – spesielt småbarnsfamiliar.
- Viktig å ta vare på det kompakte sentrum, Rosendal treng aktivitet – «ein puls» - heile året, ikkje berre om sommaren.
- Det manglar strategi for cruiseturismen, det bør vere ein del av planarbeidet.
- Det er for mykje regulert bustadareal som ikkje vert realisert, dette er eit problem knytt til å få regionale myndigheiter til å akseptere at det vert lagt ut nytt bustadareal.
- Treng strategi for aktivitet i sentrum og kva for bustadar det er trong for.
- Ønske om ungdomsbustadar i sentrum for å halde på og trekke til seg ungdom.
- Godt kvardagsliv i sentrum gjennom ein lang vinter.
- Idrettshallen blir viktig og kan skape liv heile året, og hallen bør ikkje liggje langt frå skulane.
- Å legge Felleskjøpet til Skålafjæro kan generere liv der, kanskje byte plass med bubilcampen?
- Viktig at Skålafjæro ikkje står tom noko særleg lenger, og eit viktig spørsmål i planarbeidet er «korleis lage liv i sentrum?».
- Einaste mogelegheit for utvikling i Rosendal er gjennom tilrettelegging for småbarnsfamiliar.
- Rosendal treng leilegheiter også.
- Det er nedgang i folketal trass auke i tall på bustader.
- Forslag om å sette av 1000 mål jordbruksareal til små-småbruk på 5 mål, noko som opnar for inntil 200 småbruk.
- Det er trong for eit differensiert bustadtilbod i Rosendal.
- Nedgang i barn i skulekrinsen er ei utfordring - kan berre applaudere dei som får barn no.
- Kulturlandskapet, siktlinjer, trafikktryggleik, barn i sentrum – er viktige verdiar i Rosendal.
- Det er negativt med auka tungtrafikk gjennom sentrum, færre plassar å krysse trafikkerte vegar.
- Få i bygdelaget er positive til cruisehamn i sentrum – heller spesielle turistattraksjonar, og turisme som spelar på lag med bygda.
- Kommunen bør vurdere bustader med buplikt.
- Kommunen må prøve å tiltrekke seg statlege arbeidsplassar.
- Rosendal: grøn og barnevennlig.
- Det er mykje turisme in mot Melderskin. Ønsker fleir lågterskeltilbod for lokal turisme – som «surf-lodge» på Stadtlandet.
- Arbeidsplassar er viktigare enn bustader.
- Rosendal husar nokon viktige institusjonar i Folgefonnsenteret, det må ikkje gløyme men bygge vidare på! Bjerknessenteret (UiB) og Havforskningsinstituttet er lokalisert her.
- Vurdere Rosendal som nullutsleppsbygd! Som ein visjon eller marknadsføring
- Rosendal bør gjere Hardangerfjorden rein og sikre at det er fisk i alle elvane våre.
- Rosendal har stor vasskraft produksjon, Baroni- et og to forskingsinstitusjonar i bygda.
- Vi har mykje landbruksareal men treng småbruksparseller eventuelt med felles driftsbygg og andre fellesfunksjoner.
- Kan vi utfordre embetet med denne planen?
- Mesteparten av landbruksjorda i Rosendal/Malmanger er leid ut.
- Kva for bygder sokner til Rosendal? Dei bør også inviterast til å meine noko om Rosendal si utvikling. Bruk til dømes alle innanfor skulekrinsen.
- Om det er trong for buplikt, så viser dette kanskje også at det er trong for eit hyttefelt, gjerne sentrumsnært?



- Må bli liv og røre i sentrum!
- Gjerne betre badeplasser, stupemoglegheiter – men også badstue. Badstue kan verte ein fin møteplass.
- Fjorden kan nyttast heile året!
- Buss og bil tar opp mykje plass og vert berre meir og meir trafikk.
- De som greier å få til bilfritt byliv er dei som løyser parkeringsutfordringane – få parkering under bakken, eventuelt under lokk og bygg sentrumsfunksjonar og bustad over.
- Unge og barnefamiliar som kan tenkje seg å flytte til/tilbake til Rosendal ynskjer seg hus med litt hage. Hagen kan være lik om det er snakk om einebustadar, 2-mannsbustad eller 4-mannsbustad. Viktig med variasjon i bustadtypane.
- Kostnaden for å etablere seg i Rosendal er veldig høge. Høge bustadpriser er ein terskel for unge. Kommunen bør vurdere ulike måtar å subsidiere bustadbygging i sentrum.
- Politikarane må tenke nytt rundt finansiering.
- Finns ikkje variasjon i bustadtyper her. Det må også være tilgjengelige tomter – helst flate.
- Bustader i Rosendal er ikkje dyrare enn i Leirvik, Odda eller Norheimsund.
- Rosendal har eit føremon i å ligge mellom Odda og Sunde.
- Der det kjem folk kjem det arbeid.
- Kan vi dra plangrensa lengre opp i bygda for å stimulere til bustadar - for eksempel i LNF-områda?
- Felleskjøpet i sentrum er ein dårleg idé – det må takast omsyn til naboane og det er uheldig med tungtrafikk i sentrum.
- Det trengs å jobbast med trafikktryggleik på fleire måtar – også haldningsskapande.
- Vegen forbi Folgefonnssenteret bør verte bilfri.
- Vi manglar «turiststopparar» i Rosendal sentrum, utanom Gurine, det må vi gjere noko med!
- Det trengs ladestasjonar for el-bilar i tilknytning til parkeringsplassane i sentrum – dette kan også fungere som ein slags «turiststoppar».
- Oppvekstmiljøet er ein kvalitet i Rosendal og vi får mykje gratis frå natur og kultur.
- Det er viktig å få ungdomane til å bli i Rosendal.
- I dag er det ca. 70 avgangselevar i 10. klasse, om 10 år er det stipulert ca. 30.
- Ungdommen manglar møteplassar spesielt for uorganisert ungdom, dei som sluttar med fotball, men som ikkje har noko anna å gå til. Spar er kjekt det men det er ingen ungdomsklubb - dette vert opplevd som prekært.
- Naturattraksjonar har potensiale – det er no fleire som vitjar Trolltunga enn Baroniet.
- Rosendal kan kanskje utviklast som ein «folkehelsebygd», med fokus på til dømes tilbod for rehabilitering eller livsstilhjelp – vi kan nytte naturen her.
- Vi må vende Rosendal mot sjøen! Møteplasser langs fjorden – gjerne bilfrie.
- Bustadalternativ for dei som likar naturen.
- Trenger møteplassar for alle alder.
- Ny E39 mellom Os og Bergen vil gjere Rosendal meir sentralt – det tek berre 50 minutt frå Rosendal til Os med snøggbåten.
- Bygdelaget, turlaget, med fleire jobbar med dei same tinga. Det inviterast til vidare diskusjon om utfordringane i bygda.
- Det er vakkert rundt Rosendal – vi må bygge vakkert også. Det trengs auka fokus på estetikk i Rosendal sentrum!
- Vi må bygge for dei eldre også.
- Det er ikkje enkelt å kome seg rundt i Rosendal for dei med til dømes rullator, rullestol, eller andre utfordringar. Det må generelt fokuserast meir på universell utforming.

Tord og Anne-Lise oppsummerte kvelden før det heile blei avslutta med den visuelle avstemminga, og det vart høve til ein-til-ein prat med prosjektgruppa og konsulent på veg ut av samfunnssalen. Alt i alt var innspela treffsikre og innanfor den målsettinga som var for møtet.





## Visuell avstemming

Visuell avstemming vart nytta som supplerande metode for innspel på folkemøtet. Avstemminga var gjennomført i på slutten av møtet med to stasjoner kor deltakarane fekk høve til å sette ein stjerne på dei element ved dei fire scenarioa som dei likte. Svara gir ei peikepinn på løysingar som er ønskjelege, og i motsett ende forslag som ikkje får oppslutnad.

- Scenario 1 Tett og låg: Det som vart sett som positivt her var særleg lokalisering av bustader i Skålafjæro. Vidare forsterkning av «nedre Skålagato» med handel, bru over elva, flytting av bubilparkering mot hotellet og lokalisering av ny idrettshall, samt strandpromenade.
- Scenario 2 Storskala og tett: Her var det mest positive lokalisering av idrettshallen mellom skulane. Vidare lokalisering felleskjøp eller anna storskala handel ved skipsbyggerhallen, flytting av bubilparkering til den gamle ridebana, bru over elva og forsterking av nedre Skålagato med handel.
- Scenario 3 Idrett og grønt: Mest positivt her var park og idrettshall i Skålafjæro. Vidare bru over elva, strandpromenade, bustader mellom skulen og fjordhotellet, forsterkning av «nedre Skålagato» med handel, og fortetting av bustader mellom Skålafjæro og Skålagato.
- Scenario 4 Reiseliv og turisme: Det som vart likt her var særleg strandpromenade. Vidare bru over elva, og idrettshall i Skålafjæro.

Samla sett var det scenario 1 og 3 som kom klart best ut, medan scenario 4 er minst populært. Bubilparkering og cruise-tilrettelegging i Skålafjæro får lite tilslutnad. Idrettshall er mest populær lokalisert mellom skulane som i scenario 2, eventuelt i Skålafjæro som i scenario 3 og 4. For Skålafjæro er det anten ei låg og tett sentrumsutbygging som i Scenario 1, eller parken som signalisert i Scenario 3 som er ønskt. Storhandel av typen Felleskjøpet fekk også noko oppslutnad i Skålafjæro, men dette kan i like stor grad reflektere eit ønskje om å få Felleskjøpet vekk frå ridebane-tomta. Bubilparkering er berre vurdert som positivt der den er lagt på den gamle ridebana som i scenario 2, eller lokalisert lengst mot hotellet som i scenario 1. Ny bru over elva synast å vere mest populær når ho vert liggande nedst mot fjorden som i scenario 2 og 4.





# Andre innspel

## Skriftlege innspel motteke undervegs i prosessen

I løpet av prosessen er det komme inn ei rekkje skriftlege innspel til planarbeidet. Alle innkomne innspel følgjer planarbeidet vidare.

Opplistinga under syner dei konkrete innspela og hovudpunkta dei fremmar:

- Øyvind Utne: Hovudpunkt: trafikktryggleik, sikre areal for mogleg utviding av skule, finne areal for idrettshall og mogeleg utfylling i sjø framfor kunstgrasbana.
- Jostein Nerhus: Tilrettelegging for auka cruise-turisme.
- Folgefonn FerieGard & RauaLøo: Areal til bustader og vidare utvikling av feriehusanlegg.
- Jostein Eik: Sentrumsnær bubilparkering.
- Einar Holsvik: Tettare sentrumsområde med bustader på dyrka mark, utvida plangrense, gå- og sykkelbygd.
- Tørris Skaaluren: Viktig med strandpromenade, bustad og næring i Skålafæro
- FLYT aktivitetshus: blanda formål for Granda-huset og areal kring dette.
- Johan Eide: Auka utnytting av 82/20
- Nasjonalforeningen, Løfallstrand Helselag, Rosendal Helselag og Seimsfoss Helselag: Ønske om å verte med i referansegruppa, utvida planområde, større tomter for attraktive bustader for alle i eit 50-årsperspektiv.
- Rosendal turnlag: Idrettshall lokalisert over elva.

*Turnlaget sitt framlegg til plassering av ny idrettshall.*






# Planavgrensing


## -førebels framlegg






Områderegulering for Rosendal tettstad

Medverknað








Områderegulering for Rosendal tettstad

Nettverkstad

Framlegg til planavgrensing

Plangrense















KVINNHERAD  
KOMMUNE

75 /  
51 V